

Korleis Voss herad kan sikre full utnytting av tilskot til ressurskrevjande brukarar

1. Kontrollutvalet ber om ei orientering om korleis ein sikrar at Voss herad utnyttar potencialet for tilskot frå staten fullt ut i høve til særleg ressurskrevjande brukarar. Kontrollutvalet tenkjer her særleg på brukarar i skulepliktig alder som utløyser store ekstra behov for skulane.

1. Klare ansvarsforhold og god tverrsektoriell koordinering

Voss herad er organisert slik at både oppvekstsektoren og helse- og omsorgssektoren har sentrale roller i oppfølginga av barn med omfattande og samansette behov. For å sikre heilskapleg koordinering på tvers av sektorane er det etablert ei tydeleg ansvarleg funksjon med overordna oversikt over ordninga for ressurskrevjande tenester.

Leiargruppene i oppvekst og helse og omsorg deltek jamleg i tverrfaglege møte saman med økonomirådgjevar. Desse møta skal sikre felles forståing av behov, tiltak og kostnader, samt god forankring av vedtak. Det er etablert eit godt og strukturert samarbeid mellom skule og helse og omsorg, der tiltak og vedtak vert oppdaterte og presise. Kostnadene vert vurderte samla og i tråd med kriteria for statleg refusjon.

2. Systematisk identifisering av potensielt ressurskrevjande elevar og brukarar

For å sikre tidleg identifisering av elevar og brukarar som kan utløyse rett til statleg tilskot, er det utarbeidd formelle samarbeidsavtalar mellom sektorane. Det finst òg etablerte rutinar for å melde inn potensielle ressurskrevjande brukarar.

Ei stilling ved Forvaltningskontoret i koordinerande eining (helse og omsorg) er delt 50/50 mellom oppvekst og helse og omsorg. Dette sikrar god kjennskap til barnet sitt samla behov, både i skuletida og på fritida, basert på innkomne søknader, vedtak og faglege vurderingar.

3. Presis og fullstendig kostnadsføring

Leiargruppa i helse og omsorg samarbeider tett med økonomirådgjevar om å utarbeide nødvendig dokumentasjon og kostnadsoverslag som er refusjonsberettiga for kvar enkelt brukar. Det er etablert faste møtepunkt for systematisk gjennomgang og evaluering av relevante kostnader og brukarar som kan falle innanfor ordninga.

Før krav om tilskot vert sendt, gjennomgår kommunalsjefen, administrasjonen, leiargruppa og økonomirådgjevar materialet for kvalitetssikring. Dette omfattar kontroll av dokumentasjon knytt til alle timar og tiltak, vurdering av berekningsgrunnlag opp mot statlege retningslinjer, samt særskild gjennomgang av brukarar som ligg tett opp mot innslagspunktet.

4. Revisjon

Revisjonen gjennomgår dokumentasjon, tilskotsbrev og kontrollerer dei oppførte kostnadene. Dette vert gjort i samband med årleg revisjonsarbeid for å sikre at krav og dokumentasjon er i tråd med gjeldande regelverk.

Hovedvilkår IS-4/tilskotsordninga

- Tilskotet gjeld for kommunar som yter «særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester» til enkeltmottakere

- Det er berre **direkte lønnsutgifter knytt til direkte brukertid** som er refusjonsberettiga. «Direkte brukertid» betyr at tenesteyteren er i direkte interaksjon med brukaraen. Administrasjon, opplæring/veiledning, reise og liknade inngår ikkje. Dette tar Voss herad hensyn til i dokumentasjon og rapportering.
- Kommunen får refusjon for ein del av netto lønnsutgifter som overstiger eit gitt **innslagspunkt** per tenestemottakar. Innslagspunktet for 2024 var på 1 692 000 kr. Innslagspunkt blir av Voss herad trukket ut frå totale kostnader og brukarar under innslagspunktet blir ikkje inkludert.
- Kostnader inntil innslagspunktet og eventuell eigenandel over innslagspunktet må kommunen dekke sjølv. Det blir laga eit berekningsgrunnlag for dette basert på informasjonen ein har tilgjengeleg under budsjettprosessen av Voss herad.
- For at ein person skal kunne inkluderast i ein søknad må det normalt ligge føre eit **gyldig enkeltvedtak** etter relevante lover. Fleire leiarar i Voss herad har oversikt over enkeltvedtaka og prosessen rundt lovverket, og det er etablert felles møter for gjennomgang med økonomirådgjevar.
- Utgifter kan berre krevast for timar som faktisk er levert. Sjukefråvær må trekkast ut. Oversikt og gjennomgang blir tatt hensyn til i Voss herad.
- Aldersgrense: Personar over 67 år fell utanfor ordninga. Fødselstal blir tatt hensyn til og alder blir gjennomgått ift. Dokumentasjon av Voss herad.
- Kommunen må rapportere: for hver tenestemottaker- fødselsår, ressursinnsats (direkte lønnsutgifter i kr), antall timer med direkte tenesteyting og type bruker (PU, 16 år eller over) dersom det er aktuelt. Dokument blir oppretta og gjennomgått jamleg med samarbeid frå fleire for kontroll.

Spesifikke krav/forutsetingar i 2025 regelverket

- Kommunens regnskapsføring må sikre at ressursinnsats for direkte tenester er ført på riktige KOSTRA-arter og riktige KOSTRA-funksjoner. Voss Herad har gjennomgang på dette kvart år.
- Tenestetimer må være dokumentert. Det blir gjort i løpet av året og lagt i rapporteringsskjema
- For personer med psykisk utviklingshemming 16 år og over blir korrekt angitt i skjema og registret i samsvar med rapportering.
- Dersom tenestene blir levert av eksterne leverandører, må det foreligge dokumentasjon/bekreftelse på både timeantall og direkte lønnsutgifter, og administrasjonskostnader må spesifiseres og trekkes ut. Dette blir dokumentert og rapportert på av Voss Herad.
- Dersom ansatte som yter ressurskrevjande tenester er del av premiefond for pensjon/trygd ect, må kommunen trekke frå andelen som relaterer seg til desse ansatte ved berekning av refusjonsgrunnlaget. Premiefond blir trukket ut i rapporteringsgrunnlaget av Voss herad.

PU/utviklingshemming

- Ordninga omfattar personar med psykisk utviklingshemming, eller andre alvorlege funksjonsnedsettingar som krev omfattande omsorgs-/hjelpetiltak.

- I praksis betyr det at dersom eit barn/ungdom/eldre med utviklingshemming eller anna funksjonsnedsetting får tenester som er ressurskrevjande- og krav til dokumentasjon, brukertid, timelister osv blir oppfylt- så kan kommunen søke refusjon for dei direkte kostnadene etter regelverket.

Svar til kontrollutvalet 6. september 2023

Etter forvaltningsrapport 2022

Notat/til informasjon

Administrasjonen har i iverksett fleire tiltak etter vedtak i frå kommunestyret 03.02. 2022, Arkivsaksdok. 19/00082.

• Rådmann bør avklara korleis utgifter til nattevaktstenestene skal fordelast med tanke på refusjon av ressurskrevjande tenester.

Det er avhalde møter mellom økonomiavdelinga, forvaltningskontoret, områdeleiar og sakshandsamar for å avklare korleis utgifter til nattevakttenestene skal fordelast for dei som er busett i heildøgnsbemanna omsorgsbustad. Det er utarbeida retningslinjer for korleis dette skal rapporterast til økonomiavdelinga, og stadfesta i enkeltvedtaka. For at denne kunnskapen ikkje skal vere personavhengig er det nedteikna skriftlege rutinar og retningslinjer som er å finne i helse og omsorg sitt internkontroll og kvalitetssystem. Heradet oppdaterer rutiane etter årlege justeringar i frå staten. Det er innført to faste møter i året mellom områdeleiar, forvaltningskontoret og økonomiavdelinga for å samordne postane. Forvaltningskontoret har ansvaret for å kalle inn til møta.

• Rådmannen bør vurdere om dagens sektorinndeling er hensiktsmessig i forhold til helse- og omsorgstenester knytt til ressurskrevjande tenester.

Dagens strukturelle inndeling av sektorane oppvekst og helse og omsorg set enkelte avgrensingar for samhandlinga knytt til ressurstrengande tenester. Særlege barrierar for samhandling er ein konsekvens av tilsette sine ulike vilkår og at ein arbeider etter ulikt lovverk. Me ser at å konkludere om dagens sektorinndeling er tenleg organisert vil ta meir tid å utgreia. Uavhengig av organisering, treng Voss herad å arbeide med betre samhandling mellom dei ulike tenestemåla. Dette arbeidet er pågåande.

Voss herad arbeider med kommunedelplanen Tidleg innsats og Livsmestring. Gjennom dette arbeidet vil det verte avdekka om det er endringar som vil kunne bygge ned barrierar som hindrar samhandling på tvers av sektorane. Sektorane helse og oppvekst har arbeida fram ein samarbeidsavtale, som er forankra hjå begge kommunalsjefane, der sektorane forpliktar seg til å nytte avdelinga koordinerande eining for ressurskrevjande helse og oppvekst-saker. Tiltak som er iverksett for å fremja tverrsektorielt samarbeid er blant anna at det er oppretta to stillingar som er delt mellom helse og oppvekst. Ei av stillingane er leiarstillinga på forvaltningskontoret, den andre stillinga er barnekoordinator tilsett i koordinerande eining. Leiar har ei totaloversikt over born som får tenester i frå helse og omsorg, og som også har omfattande tenester i barnehagar og i skuletida. Helse og oppvekst har innført å nytte felles retningslinjer og skriftlege rutinar som beskriv korleis sektorane skal føre utgifter på ein og same bruker/pasient i dei tilfella der dette er tenleg.

Det er ein betydeleg innsats som skal til for å utløyse refusjonsordninga. Eksempel kan vera eit barn som har to tilsette i skuletida. Den eine tilsette jobbar helserelatert med barnet, den andre driv opplæring etter opplæringslova. I slike saker vil det vera berre det eine årsverket som er refusjonsberettiga. Som ein ser i retningslina, det er fyrst når ein er kome oppi 1 500 000 at det vert mogleg å utløyse refusjon. Det er lovverket som er grunnen til at born som treng fleire tilsette i skuletida ikkje vert rekna som refusjonsberettiga brukarar. Dette gjeld spesielt born i grunnskulen. Når dei vert eldre og kjem over i ungdomsskulen har dei ofte fleire tenester frå Helse og omsorg som fører til at heradet får refusjon ut i frå kriteria for tilskotsordninga. Sjå retningslina vedlagd.

• Rådmannen bør styrka internkontrollen og samarbeidet mellom økonomi, Tildelingskontoret og vedtaksansvarlege på avdelingane, på ein slik måte at alle relevante utgifter vert innarbeidd i refusjonsgrunnlaget for ressurskrevjande tenester.

For at kunnskapen kring den statlege refusjonsordninga ikkje skal vere personavhengig er det nedteikna skriftelege rutinar og retningsliner som er å finne i helse og omsorg og oppvekst sitt internkontroll og kvalitetssystem. Koordinerande eining tek ansvar for å oppdaterer rutinane etter årlege justeringar i frå staten. Det er innført to faste møter i året mellom områdeleiar, forvaltningskontoret, representant i frå kommunalavdelinga oppvekst og økonomiavdelinga for å samordne postane. Forvaltningskontoret har ansvaret for å kalle inn til møta. Viser til svar på fyrste punkt. Helse og omsorg har ikkje etablert rutinar knytt til ergofysioterapitenestene, det er ei målsetjing i 2023 å få desse på plass. Det er avhalde eit møte saman med økonomiavdelinga for å klargjere ansvarsfordeling og korleis slike utgifter skal førast.